


# Utviklingsplan 2024-2025

## Undheim skule





## Innhald

Innleiing .....	3
Overordna mål.....	3
Sektormål for grunnopplæringa .....	3
Overordna del av læreplanen .....	4
Kommunale strategiar, planar.....	4
Utviklingsområde 2023-2024.....	6
Vurdering av utviklingsområda inneverande år .....	6
Samla grunnlag for val av utviklingsområde for skuleåret 2024-... ..	6
Utviklingsområde 2024-2025.....	6
Utviklingsmål og tiltak 2024-26... ..	7

## Innleiing

Utviklingsplanen er ein del av vårt system for kvalitetsutvikling. Gjennom året gjennomfører me som skule prosessar i personalet for å følgja opp om elevane våre når måla i læreplanverket. I arbeidet vert det lagt til rette for at elevane skal vera medskapande, og for god involvering av foreldra. Me får gjennom ulike kartleggingar, undersøkingar og utviklingssamtalar med elevane eitt godt kunnskapsgrunnlag som dannar grunnlaget for kva me som skule må jobba med å forsterka, forbetra og utvikla. Dette dannar grunnlaget for kva me som skule vel å ha som utviklingsområde med mål og tiltak som me vil jobba mot.

Utviklingsplanen seier noko om dei overordna målsettingane for skulen. Kva utviklingsområde me hadde førre år, og kort om kva som har kome fram av ulike evalueringar undervegs. Det vil kort verta gjort greie for kva vurderingar som er gjort i prosessar med personalet og elevane for å koma fram til om det er behov for vidareføring av utviklingsområde, eller nye utviklingsområde.

I siste delen er utviklingsområda knytt til læringsmiljø og læringsresultat sett inn i ein tabell med mål, tiltak og korleis desse skal evaluerast.

## Overordna mål


### Sektormål for grunnopplæringa

Dei nasjonale sektormåla er førande for kva skuleeigar saman med skulane skal jobba for å oppnå:

- Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø
- Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla sitt potensial
- Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse
- Alle lukkast i opplæringa og utdanninga

## Overordna del av læreplanen

Overordna del av læreplanverket er grunnlaget for skulen sitt samfunnsoppdrag og er tufta på formålsparagrafen i opplæringslova.



Figur 1: Overordna del – Formålet for opplæringa

## Kommunale strategiar, planar

I «[Strategiplan Oppvekst 2023-2029](#)» er følgjande fem satsingsområde del av å definera retning mot felles mål i Oppvekst:

1. Trygge foreldre
2. Samhandling for førebygging og tidleg innsats
3. Inkluderande samfunn
4. Oppvekst og digitalisering
5. Rekruttera og behalda

I [Kvalitetsmelding for Timeskulen 2024](#) er det sett følgjande målsettingar ut frå satsingsområda i Strategiplan Oppvekst 2023-2029 som skulane skal jobba mot:

### Læringsresultat:

Satsingsområde 2 i Strategiplan Oppvekst 2023-2029: Samhandling for førebygging og tidleg innsats der målet er at; Alle elevane i Time begynner i vidaregåande opplæring eller i jobb etter 10-årig grunnskule.

- Vidareutvikla vårt felles systemarbeid knytt til lesing på barneskulane for å sikra at resultatene i lesing ligg stabilt på nasjonalt nivå.
- Grunnskulepoenga til elevane i Time skal ligga på regionalt nivå, med særleg fokus på tiltak som kan medverka at differansen mellom gutane og jentene sine resultat vert mindre.

### **Læringsmiljø**

Satsingsområde 3 i Strategiplan Oppvekst 2023-2029: Inkluderande samfunn.

Mål 2 Alle barn og unge melder at dei vert sett, høyrte og inkludert.

- Skulane skal følgja opp tiltak og plan knytt til medverknad som er utarbeidd i elevrådet for ein framgang på 0,3 på spørsmåla knytt til vurdering for læring og elevane sin medverknad.

### *Gjennomføring i vidaregåande opplæring*

Satsingsområde 3 i Strategiplan Oppvekst 2023-2029: Inkluderande samfunn Mål 1 Trend

viser at 9 av 10 fullfører vidaregåande opplæring i perioden

- Målet framover er at: 9 av 10 elevar frå Timeskulen skal gjennomføra vidaregåande opplæring

### *Auka handlingsrom i skulane*

Satsingsområde 3 i Strategiplan Oppvekst 2023-2029: Inkluderande samfunn

Tiltak Alle tenestene i Oppvekst skal vera med å dreia ressursar frå individnivå til fellesskapet

- I 2024 skal skulane arbeida med tiltak knytt til faktorar som dei ser er med på å oppretthalda ein praksis der det stadig vert fleire individuelle vedtak.

«Laget rundt læraren og eleven» utarbeider årlege handlingsplanar (canvaser) som skal vera tett kopla til utviklingsplanen. Aktuelle tiltak som LLE skal gjennomføra, og bidra med i arbeid mot målsettingar knytt til læringsresultat og læringsmiljø skal skrivast inn i kolonna som har tittelen *Tiltak* i skjemaet for komande utviklingsområde.

## Utviklingsområde 2023-2024

Følgjande var utviklingsområde skuleåret 2023-2024

Læringsmiljø: elevmedverknad

Læringsresultat: lesing

I løpet av året er det gjennomført skulebasert vurdering for å sjå på i kva grad mål og tiltak har ført til utvikling på områda. Dette er del av kunnskapsgrunnlaget som me har for å vurdere kva me skal jobba vidare med å utvikla eller kva me nå kan leggja til drift.

## Vurdering av utviklingsområda inneverande år

Analyse av data og prosessar i personalet, med elevane og føresette syner at me er gode på..... og at me må utvikla oss i..... Over tid ser me at me må

## Samla grunnlag for val av utviklingsområde for skuleåret 2024-26

### **Læringsmiljø**

I lys av målsettingane som er sett i Strategiplan for oppvekst, Kvalitetsmelding for Timeskulen og eige kunnskapsgrunnlag- *kva er behovet? Naturlege mål og tiltak?*

### **Læringsresultat**

I lys av målsettingane som er sett i Strategiplan for oppvekst, Kvalitetsmelding for Timeskulen og eige kunnskapsgrunnlag- *kva er behovet? Naturlege mål og tiltak?*

På grunnlag av dette har skulen valt følgjande utviklingsområde knytt til læringsresultat og læringsmiljø:

## Utviklingsområde 2024-2026

**Læringsmiljø: Elevmedverknad**

**Læringsresultat: Lesing og skriving**

Effektmål (gevinst)	Resultatmål 2026	Delmål 2025	Tiltak	Evaluering/stopp punkt
<b>Læringsresultat:</b>  <i>Alle elevane er funksjonelle lesarar og kan uttrykke seg munnleg og skriftleg</i>	Dei fleste elevane skal vere på, eller over nasjonalt snitt i lesing	Alle elevar på alle trinn har progresjon i lesing gjennom skuleåret.	Ein jobber systematisk med Time kommune sitt rammeverk for lesing: IMAL, På sporet, Aski Raski, Relemo	Kartleggingsresultata inn i conexus haust og vår
			Lesesiesta kvar dag	
			Bruk av bibliotek for alle elevar. Bevisstgjere foreldre på viktigheita av lesing heime. Les og bli lest for	Analyse haust og vår i PU tid
			Øving på lesestrategiar på alle trinn. Frå grunnleggjande avkodingsferdigheit til å lese, tolke og reflektere over tekstar i ulike sjangrar, for ulike formål av ulik lengd og kompleksitet	

		Elevane øver på bruk av digitale verktøy som td. Word 5.-7. trinn, Skoleskrift 1.-4. trinn	Øve seg på funksjonell håndskrift	
	Elevane skal kunne meistre handskrift og digital skriving.		Det skal vere balanse mellom digital og fysisk skriving i opplæringa	
<b>Effekt mål</b>	<b>Resultat mål</b>	<b>Delmål</b>	<b>Tiltak</b>	<b>Stoppunkt</b>
<b>Læringsmiljø</b>				
Elevane opplever skulen som relevant og motiverande	Skulen får ein skår på nasjonalt snitt eller over i elevundersøkinga knytt til medverknad og vurdering for læring	Elevane skal oppleve både å medverke og ta medansvar i læringsfellesskapet.	Elevane er med på å foreslå korleis dei skal arbeide i faga	Utsjekk i elevsamtalane
			Bruk av CL-strukturar	Trivselsundersøking i klassane
		Elevane skal oppleve at dei får tilbakemeldingar som gjer at dei kan bli betre i faget.	Læraren, eleven og heimen skal vere i dialog om eleven si utvikling	
			Læraren skal gje rettleiing om vidare læring, slik at eleven kan utvikle seg fagleg og sosialt	Elevundersøkinga haust



